



Arkivnr: 2017/14932-1
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt, Elin Golten

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

Forsøk med delegering av mynde for utviklingsmidlar på bibliotekområdet

Samandrag,

Nasjonalbiblioteket forvaltar i dag statlege tilskotsordningar til utviklingstiltak på bibliotekområdet. Hordaland fylkeskommune vil ta initiativ til eit samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, slik at ein i ein prøveperiode får mynde til å forvalte statlege utviklingsmidlar i folkebiblioteksektoren, jf lov om forsøk i offentlig forvaltning.

Føremålet er å prøve ut ei meir tenleg forvaltning og fordeling av statlege utviklingsmidlar. Samarbeid på regionalt nivå vil legge grunnlag for utjamning av forskjellar mellom biblioteka og utvikling av ei felles forvaltning på bibliotekområdet. Forsøk med regional forvaltning av utviklingsmidlar har som siktemål at den nasjonale bibliotekpolitikken vert betre tilpassa lokale og regionale behov og vedteken politikk, skal styrkje folkevald styring av midlar som Nasjonalbiblioteket i dag tildeler administrativt, og effektivisere bruken og forvaltninga av offentlege ressursar ved at lokal fagkunnskap og spisskompetanse på bibliotekområdet blir betre nytta. Forsøket skal skape handlingsrom til å gje betre støtte til dei svakaste biblioteka og sikre at alle innbyggjarane i begge fylka får eit like godt bibliotektilbod.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune søker Kulturdepartementet om etablering av forsøksprosjekt med regional forvaltning av statlege prosjekt- og utviklingsmidlar til bibliotek, jf Lov om forsøk i offentlig forvaltning.
2. Fylkestinget bed fylkesrådmannen gå i dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune for utforming av felles søknad til departementet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.08.2017

Bakgrunn

Kulturdepartementet løyver midlar til Nasjonalbiblioteket, som skal nyttast til å styrkje og utvikle biblioteksektoren og til å gjennomføre tiltak i Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018. Speloverskotet frå Norsk Tipping AS til prosjekt- og utviklingsmidlar til bibliotekføremål blir forvalta av Nasjonalbiblioteket. Midlane blir utlyst i tråd med føringar i den nasjonale bibliotekstrategien. Nasjonalbiblioteket fordeler midlane til søknader frå einskilde kommunar, interkommunale biblioteksamarbeid og fylkeskommunar.

Etter Lov om folkebibliotek skal fylkeskommunen ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale myndigheiter, yte bibliotekfagleg rettlegeing og assistanse, og arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunane er i sitt arbeid med bibliotek tett på og i god dialog med folkebiblioteka og kommunane som bibliotekeigarar.

Med bakgrunn i vedtak om samanslåing og intensjonen om å føre fleire oppgåver frå statleg til regionalt nivå, ser fylkesrådmannen det som tenleg at Hordaland fylkeskommune tek initiativ til samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Føremålet er at ein i ein prøveperiode får mynde til å forvalte statlege utviklingsmidlar i folkebiblioteksektoren.

Nasjonale føringar

Regionreforma inneber at eit fleirtal av dagens fylkeskommunar vert slegne saman til større regionar. Eit mål med reforma er å styrkje utviklingsrolla i dei framtidige regionane, noko som vil kunne gje grunnlag for endring i oppgåvefordelinga mellom forvaltningsnivåa.

Forsøk med delegering av mynde for utviklingsmidlar på bibliotekområdet, er heimla i Lov om forsøk i offentlig forvaltning av 26.6.1992 nr 87. I forarbeida til lova (Ot.prp. nr 54 1991-92, s. 19) vert det understreka at forsøksverksemd er bevisste tiltak retta inn mot eit definert mål: *"Et hovedsiktemål med forsøk er læring og fremskaffelse av konkret erfaringsmateriale som grunnlag for allment reformarbeid"*. Føremålet med lova er å utvikle funksjonelle og effektive organisasjons- og driftsformer i den offentlege forvaltninga og ei hensiktsmessig oppgåvedeling mellom forvaltningsorgan og mellom forvaltningsnivå. Erfaringane frå alle forsøk etter lova skal danne grunnlag for avslutting eller igangsetjing av mogelege nasjonale reformer og ansvarsoverføring.

I Meld St 22 (2015-2016) «Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver» går det fram at regionane sine oppgåver og rolle ikkje er fastlagt, men regjeringa legg stor vekt på at regionane er tiltenkt ei strategisk rolle som planleggar og koordinator på tvers av forvaltningsnivå. I meldinga står det at forvaltninga av tilskot på kulturområdet skal gjennomgåast med sikte på overføring til regionalt nivå.

Rapport 2016-08: «Regionalisering av kulturpolitikken» er utført av PROBA Samfunnsanalyse for KS. Rapporten drøftar kva oppgåver på kulturfeltet som kan overførast til regionane og modellar for korleis tilhøvet mellom stat og region kan utformast. Rapporten gjev ikkje eintydige anbefalingar, men konkluderer med at fordeling av utviklingsmidlar på bibliotekområdet er ei oppgåve som kan delegerast til regional forvaltning.

Forvaltning av utviklingsmidlar på bibliotekområdet i dag

Nasjonalbiblioteket tek i vare statlege oppgåver og ansvar som er heimla i Biblioteklova. Nasjonalbiblioteket har eit særskilt ansvar for å bidra til å utvikle og styrke biblioteka i Norge som aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar. Som statens utviklingsorgan for biblioteksektoren skal Nasjonalbiblioteket bidra til å utforme og gjennomføre ein nasjonal bibliotekpolitikk for folke- og fagbiblioteka.

Nasjonalbiblioteket forvaltar tilskotsordningar til utviklingstiltak på bibliotekområdet. I 2017 er det tildelt 36 millionar kroner som er fordelt med 18 millionar i arenamidlar og 18 millionar i utviklingsmidlar. I tråd med Nasjonal bibliotekstrategi 2015–2018. Prosjektmidlane skal stimulere til utvikling i norske folke- og fagbibliotek. Midlane skal bidra til å utvikle bibliotekfeltet, dei skal ha verdi utover det einskilde bibliotek, og dei skal fremje nye tilbod. Fordeling av midlane på området skjer administrativt i Nasjonalbiblioteket etter utlysing. Søkjarar er einskilde kommunar, interkommunale biblioteksamarbeid eller fylkeskommunar.

Forvaltning av utviklingsmidlar på bibliotekområdet i ein prøveperiode

Utviklingsmidlane til folkebibliotek, kan delegerast til regionale nivå gjennom oppdragsbrev frå staten.

Kriteria for tildeling av midlar til prosjekt i fylka vil vere den statlege bibliotekpolitikken som er nedfelt i Nasjonal bibliotekstrategi og regionale planar, som i Hordaland er «Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015 -2025». Sogn og Fjordane arbeider med «Regional plan for kultur for Sogn og Fjordane», som skal gjelde frå 2019. Fordeling av midlane vil bli handsamast politisk på linje med andre fylkeskommunale ordningar.

Begge fylkeskommunane initierer, leier, og støttar utviklingsarbeid i folkebiblioteka i dag. Hordaland har utviklingsmidlar til bibliotekprosjekt på budsjettet. Ei kjerneoppgåve er å utvikle og oppdatere kompetansen til bibliotektilsette gjennom strategisk arbeid, kurs, konferansar og andre kompetansehevande tiltak. Fylkeskommunane sikrar innbyggjarane tilgang til e-media og digitale ressursar, organiserer og delfinansierer ei transportordning mellom bibliotek, og utviklar biblioteknettstader i samarbeid med bibliotektilsette og ulike fagmiljø i landet.

Fylkesbiblioteka har gjennom si verksemd tett kontakt, dialog og god kunnskap om bibliotekfeltet i sine respektive fylke, og med kommunane som bibliotekeigarar. Dei to fylkeskommunane har eit om lag like stor bibliotekfagleg stab, men ulik arbeidsmåte og komplimenterande kompetanse. Samarbeid om fordeling av utviklingsmidlar på regionalt nivå vil legge grunnlag for utjamning av forskjellar mellom biblioteka og utvikling av eit felles forvaltningsnivå på bibliotekområdet

Gevinst av regional forvaltning av utviklingsmidlar på bibliotekområdet

Ei regional forvaltning av utviklingsmidlar på bibliotekområdet vil kunne ha positive konsekvensar. Fylkeskommunane sit på lokalkunnskap om tilhøva i sine respektive fylke. I kombinasjon med allereie etablerte samarbeid med fagmiljøa og tett kontakt med kommunane som eig folkebiblioteka, vil dette gi meirverdi i forvaltning av midlane knytt til bibliotekutvikling.

Regional forvaltning av utviklingsmidlar på bibliotekområdet vil kunne føre til:

- Gjennomføring av nasjonal bibliotekpolitikk på lokalt nivå som er betre tilpassa regionale behov og vedteken bibliotek- og kulturpolitikk.
- Folkevald styring av midlar som Nasjonalbiblioteket i dag tildeler administrativt
- Auka dialog mellom fylkeskommune og Nasjonalbiblioteket knytt til forvaltning av utviklingsmidlar
- Styrka samhandling mellom fylke og kommune om bibliotekutvikling
- Politisk handsaming av midlane vil auke merksemd om bibliotekoppgåvene og føre til sterkare fokus på ansvaret kommunane har som bibliotekeigarar
- Meir effektiv bruk og forvaltning av offentlege ressursar ved at lokal fagkunnskap og spisskompetansen på bibliotekområdet blir betre nytta
- Forenkla og styrka heilskapleg administrasjon på fagfeltet ved å sjå begge fylka under eitt
- Handlingsrom til å gje betre støtte til dei svakaste biblioteka, og slik sikre at alle innbyggjarane i fylka får eit like kvalitativt godt bibliotektilbod
- At fylkesbiblioteka i dagens to eksisterande fylkeskommunar blir knytte tettare saman i arbeidet med å forvalte midlane, noko som er hensiktsmessig i høve framtidige ordningar.